

ÅRSMELDING
FOR
KONTROLLUTVALET
I
GOL KOMMUNE
2012



*Vedtatt i
Kontrollutvalssak 03/2013*

INNHALD

1. LOVGRUNNLAG OG MEDLEMMAR.....	3
2. SEKRETARIAT OG REVISJON	3
3. OPPGÅVER	3
4. AKTIVITET 2012.....	4
4.1. TILSYN MED FORVALTNINGA.....	4
4.2 REKNESKAPSREVISJON.....	5
4.3 FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL.....	5
4.4 ANDRE OPPGÅVER.....	6
5. ØKONOMI.....	6
6. OPPSUMMERING	6

1. Lovgrunnlag og medlemmar

Kontrollutvalet er et lovpålagt organ etter kommunelova sin § 77, nr.1. Kommunelova sin § 77, nr 4-6 og Forskrift om kontrollutval av 15.6.2004, regulerer kontrollutvalets oppgåver.

Kontrollutvalet hadde per 31.12.12 slik samansetning:

Faste medlemmer:

Tore Ness (H) leiar

Kari Birgit Møllerplass (Sp) nestleiar

Jan Erik Svingen (Ap)

Vara medlemmar:

1. vara Sigrun Eng (Ap)

2. vara Rolf Dencker (Frp)

3. vara Knut Koren (H)

2. Sekretariat og revisjon

I følge Forskrift om kontrollutval § 20 skal kommunestyret sørge for at kontrollutvalet har sekretariatsbistand som til ein kvar tid tilfredstillar utvalet sitt behov. Sekretariatstenestene kan ikkje utførast av administrasjonen i kommunen eller av og valt revisor. Sekretariatet skal greie ut saker og sørge for at vedtak blir sett i verk. Kommunane i Hallingdal har inngått likelydande avtaler med eit autorisert regnskapsfirma om å levere desse tenestene.

I følge Kommunelova sin § 78 og Forskrift for kontrollutval § 16 avgjør kommunestyret sjølv om kommunen skal tilsette eigen revisor, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med annen revisor.

Det er Kommunerevisjon IKS, Valdres og Hallingdal som utfører revisjonsarbeidet for Gol kommune, selskapet leverer revisjonstenester til kommunane i Hallingdal og Valdres, totalt 12 kommunar.

3. Oppgåver

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt tilsyns- og kontrollorgan. Utvalet skal sjå til at forvaltninga følgjer gjeldande reglar og at verksemda er målretta, effektiv og etisk. Utvalet kan ikkje etterprøve politiske prioriteringar som er gjort av kommunens folkevalde organ. Kontrollutvalet har fire hovudoppgåver:

1. Tilsyn med forvaltninga: Kontrollutvalet skal føre det laupande tilsynet med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, og sjå til at kommunen har ein forsvarleg revisjonsordning.
2. Rekneskapsrevisjon: Sjå etter at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Med dette forstår ein at utvalet heile tida skal halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå etter at det er i tråd med lover og forskrifter, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar og avtaler med revisor
3. Forvaltningsrevisjon: Sjå etter at det blir sett i verk forvaltningsrevisjon av kommunen sin verksemd. Med dette forstår ein *at det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader* (Kommunelova § 77 pkt. 4). Forvaltningsrevisjon utførast i samsvar med "Plan for forvaltningsrevisjon"
4. Selskapskontroll: Sjå etter at det blir ført kontroll med kommunen sine interesser i verksemdar m.m. Selskapskontroll utførast i samsvar med ein "Plan for selskapskontroll"

4. Aktivitet 2012

Kontrollutvalet har hatt 8 møter, inkludert fellesmøter for alle 6 kontrollutval i Hallingdal, og handsama 21 saker i 2012. Eit oversyn over desse kjem fram av tabell 1 nedanfor.

Tabell 1 Oversyn over saker 2012

Møtedato	Saks nr	Namn på sak
24. januar	01/2012	Rutine for kontrollutvalet i Gol 2012 til 2015
22. februar	02/2012	Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll – rammer, organisering og prioritering av prosjekt i Hallingdal 2012
06. mars	03/2012	Årsmelding for kontrollutvalet i Gol 2011
24. april	04/2012	Orientering, omsorgsavdelinga
07. juni	05/2012	Status og prioritering av prosjekter for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2012
	06/2012	Val av arbeidsgruppe for organisering Sekretariat kontrollutval, Hallingdal
	07/2012	Rekneskap for Gol kommune 2011, kontrollutvalet sin uttale
	08/2012	Rekneskap for Gol Byggdrift 2011, kontrollutvalet sin uttale
26. juni	09/2012	Godkjenning av protokoll 24. april 2012
	10/2012	Godkjenning av protokoller 7. juni 2012
	11/2012	Statusorientering, omsorgssektoren
25. oktober	12/2012	Mellombels sekretærordning
	13/2012	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
	14/2012	Overordna analyse for Gol kommune
	15/2012	Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Gol kommune for 2013
	16/2012	Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2013-2016
	17/2012	Detaljplan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
	18/2012	Rapport fra forvaltningsrevisjonsprosjekt om IT-sikkerhet i skoler og barnehager
	19/2012	Sekretariatsordning
23. november	20/2012	Godkjenning av protokoll
	21/2012	Forvaltningsrevisjon: Turnuspraksis i omsorgsavdelinga

Dette dokumentet er grunnlaget for gjennomgangen av oppgåver frå pkt. 4.1 til pkt. 4.5.

4.1 Tilsyn med forvaltninga

Følgjande oppgåver er utført innan dette område:

- Orientering frå Omsorgsavdelinga i Gol kommune, 24. januar (sak 04/2012).
- Statusorientering frå omsorgssektoren 26. juni (sak 11/2012).
- Faste orienteringar om aktuelle saker frå rådmann og ordførar i møta.
- Munnlege og skriftlege rapportar til møta om revisjonen sitt arbeid.

4.2 Rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet sine oppgaver innan rekneskapsrevisjon går fram av verksemdsplanen sitt kap. 4. Desse oppgåvene er utført:

- Uttale til årsrekneskapan for Gol kommune i sak 07/2012.
- Uttale til årsrekneskapan for Gol Byggdrift KF i sak 08/2012.
- Kontrollutvalet har fått skriftlege og munnlege rapportar frå revisjonen sitt arbeid i møta sine, og på denne måten fått innsikt i revisjonsarbeidet.

Uttalene til rekneskapa er gitt på grunnlag av revisjonsberetning, årsrekneskap, årsmelding og utfyllande informasjon frå administrasjonen.

Kontrollutvalet hadde følgjande kommentar til Gol kommunen sin rekneskap for 2012:

Kontrollutvalet ber kommunestyret avsette mindreforbruket i 2011 til disposisjonsfond.

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til årsrekneskapan for Gol Byggdrift KF 2011.

Utvalet hadde vidare ingen vesentlege merknader i sine uttaler til rekneskapa for 2011.

4.3 Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Kontrollutvalet har i 2012 utarbeidet en overordna analyse av Gol kommune som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll (jfr. kontrollutvalgsforskriften §10). Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er oversendt kommunestyret som vedtok planen.

Utvalet har deltatt i tre fellesmøter for kontrollutvala i Hallingdal der prioritering av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll har blitt gjennomført. Det er behandla en felles rapport om forvaltningsrevisjon av IT-sikkerhet i skoler og barnehagar. Rapporten er oversendt rådmannen med anmodning om at han hensyntar rapportens anbefalingar i vidareutvikling av systema, rutinar og kompetanse knytta til elektronisk lagring av informasjon i skoler og barnehagar. Utvalet har bedt om en tilbakemelding om gjennomførte tiltak og eventuelt vidare framdrift som vil bli følgt opp i 2013. Rapporten er også oversendt IKT-Hallingdal med anmodning om at dei tar hensyn til rapportens anbefalingar i sitt arbeid.

Kontrollutvalet har fått orientering om oppfølging av selskapskontroll i Hallingdal Kraftnett AS som er utført av Kommunerevisjon IKS ved brev til selskapet på vegne av Ål kommune.

4.4 Andre oppgaver

Sekretariatet gjennomfører administrative oppgaver for kontrollutvalet. Slik det går fram i plan for kontrollutvalet sin verksemd kap. 7.

5. Økonomi

Utvalet har budsjettansvar for si verksemd. Det er kommunen som fører rekneskapen. Kontrollutvalet hadde eit budsjett på kr 500.000 for 2012. Eit oversyn over forbruk i høve til budsjett går fram av tabell 2.

Tabell 2 Forbruk og budsjett for kontroll og tilsyn, Gol kommune 2012

	<i>Forbruk</i>	<i>Budsjett</i>	<i>Resultat</i>
Sekretariat	45.106		
Kurs, møtegodtgjersle og liknande	56.045		
Rekneskapsrevisjon	187.020		
Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll	60.040		
Andre revisjonsoppgaver	86.300		
Totalt kontroll og tilsyn	434.511	500.000	65.489

Oversynet i tabellen er bygd på opplysningar frå Kommunerevisjon IKS, sekretariatet og Gol kommune og kan avvike frå den endelege rekneskapen.

Oversikten i tabell 2 viser at de totale utgiftene til kontroll- og tilsynsarbeidet i Gol i 2012 har vært kr. 434.511 som gir eitt resultat på kr. 65.489 i underforbruk. Dette er dermed innanfor den totale budsjettramma for arbeidet som var på kr. 500.000 for 2012. På dei andre postane i budsjettet har utgiftene vært omtrent som planlagt.

6. Oppsummering

Kontrollutvalet har arbeida etter gjeldande plandokument og lovpålagde oppgaver i 2012 og halde seg orientert om aktuelle saker ved å få relevant informasjon frå ordførar, administrasjon og revisjon.

Utvalet ga uttale til kommunen sin rekneskap i sak 07/2012 og til rekneskapen for Gol Byggdrift KF i sak 08/2012. Det er ikkje sett i verk forvaltningsrevisjonsprosjekt i Gol kommune i 2012.

Dei totale kostnadene til kontroll- og tilsynsarbeidet i Gol for 2012 var på 434.511 kroner, som er innanfor den totale budsjettramma for arbeidet som var på 500.000 kroner for 2012.

Kontrollutvalet har behandla fire områder innanfor forvaltningsrevisjon i 2012.

1. Rammer, organisering og prioritering av prosjekter i Hallingdal i 2012.
2. Status og prioritering av prosjekter i 2012.
3. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon 2013-2016.
4. Rapport frå forvaltningsrevisjonsprosjektet om IT-sikkerhet i skoler og barnehagar.

Kontrollutvalet har behandla tre områder innanfor selskapskontroll i 2012.

1. Rammer, organisering og prioritering av prosjekter i Hallingdal i 2012.
2. Status og prioritering av prosjekter i 2012.
3. Plan for gjennomføring av selskapskontroll i 2013-2016.

Gol 18. april 2013

A handwritten signature in blue ink that reads "Tore Ness".

Tore Ness
leiar
(sign)

A handwritten signature in blue ink that reads "Kari B. Møllerplass".

Kari Birgit Møllerplass
nestleiar
(sign)

A handwritten signature in blue ink that reads "Jan Erik Svingen".

Jan Erik Svingen
(sign)